



Sosiologisk institutt
Det samfunnsvitenskaplege fakultet
Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet
Matematisk institutt
Institutt for framandspråk
Institutt for filosofi og førstesemesterstudium
Det humanistiske fakultet
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap
Det psykologiske fakultet
Institutt for pedagogikk

Referanse

2022/2420-RAL

Dato

25.10.2022

Redesign av lektorutdanninga: innspelsrunde om modell

Lektorsenteret sender med dette ut rapporten *Redesign av lektorutdanninga ved UiB: Modell-utkast* til ein innspelsrunde.

Rapporten og prosjektgruppa sitt arbeid

Rapporten er utarbeidd av prosjektgruppa for redesignarbeidet ved UiB, og inngår i det omfattande arbeidet med redesign av lektorutdanninga. I den samanhengen vil vi vise til tidlegare informasjon som er sendt i sak 2022/2420.

Prosjektgruppa har hatt seks møte i perioden juni–oktober 2022, og har i rapporten utarbeidd tilråding om korleis praksisdagar bør fordelast i studieløpet. Den tilrådinga går inn som grunnlag for drøftingane av korleis emna i profesjonsfag og disiplindefag skal fordelast, og for dei ulike modellutkasta som er med i rapporten. Som prosjektgruppa understrekar, ber tilnæringsmåten i rapporten preg av at prosessen er relativt open.

Arbeidet med å redesigne lektorutdanninga ved UiB er initiert av styringsgruppa for lektorutdanninga, og vart stadfesta av universitetsstyret gjennom sak om organisering av lektorutdanninga ved UiB 17. juni 2021 (sak 76/21). Målet er å få ein lektorutdanningsmodell som kan gi ei betre innplassering av praksis, og som kan styrkje samanhengen mellom praksis og undervisninga i disiplindefag, fagdidaktikk og pedagogikk. Det er eit mål at UiB på den måten får eit meir heilskapleg studieløp med einskapleg praksisavvikling, og at dei faglege, logistiske og organisatoriske problema knytte til det eksisterande studiedesignet,

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Lektorsenteret
Telefon 55582000
lektorsenteret@uib.no

Postadresse
Postboks 7800
5020 BERGEN

Besøksadresse
Harald Hårfagesgate 1
Bergen

Sakshandsamar
Ranveig Lote
55589963

blir løyste. Prosjektgruppa sitt arbeid er basert på dei føringane som er gitt gjennom redesignprosessen.

Innspelsrunde

I rapporten er det formulert konkrete spørsmål som ein ber om tilbakemelding på i innspelsrunden. Vi bed om at innspela følgjer spørsmåla i kap. 4 i rapporten, og at det kjem tydeleg fram kva spørsmål ein gir innspel på.

Vi ønskjer innspel frå alle involverte miljø: studentane i lektorutdanninga, programleiinga på lektorprogramma, fakultet, institutt, dei ulike involverte fagmiljøa, studieadministrativt tilsette og ulike organ tilknytt lektorutdanninga. Rapporten blir også delt med dei største skuleeigarane vi samarbeider med i lektorutdanninga: Vestland fylkeskommune og Bergen kommune. Innspela kan kome frå enkeltpersonar eller på vegne av fleire, evt frå samla miljø og/eller einingar.

Vi ber om at innspela blir leverte gjennom ei innspelsside/digital løysing som vert etablert i løpet av veka, og som ein finn lenkje til på [Lektorsenteret | Universitetet i Bergen \(uib.no\)](https://lektorsenteret.uib.no)

Innspela skal leverast i ei skjemaker-løysing, anten frå enkeltpersonar eller frå miljø/organ/eining.

Vidare arbeid

Gjennom innspelsrunden er det ønske om å få både eit breiare og meir detaljert kunnskapsgrunnlag. Med eit slikt grunnlag vil prosjektgruppa og lektorsenteret i neste omgang kunne gi saksførelegg og tilråding om modellval og om det vidare arbeidet med redesign overfor styringsgruppa for lektorutdanning ved UiB. Arbeidet vil såleis, etter at prosjektgruppa og lektorsenteret har bearbeidd innspela og gitt sine vurderingar, bli følgt opp av styringsgruppa.

Innspelsfristen er: 21. november 2022.

Venleg helsing

Endre Brunstad
Fagleg leiar

Ranveig Lote
seksjonssjef